



Innkalling av Teknisk utval

Møtedato: 10.05.2016

Møtestad: Kommunehuset

Møtetid: 16:00 - 18:30

Eventuelle forfall må meldast til Roald Kvingedal per tlf. 5616 6288, sms til 400 27 048 eller per epost til roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

008/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

009/2016 Godkjenning av møtebok

010/2016 Høyringsuttale - Søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure - Ådnekvam, AK 1

013/2016 Hjortejakta 2016 - forslag til tildeling av løyver

011/2016 Delegerete saker

012/2016 Referatsak

3. mai 2016

John Torsvik
møteleiar

Roald Kvingedal
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/406

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2016	Teknisk utval	PS	10.05.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/406

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2016	Teknisk utval	PS	10.05.2016

Godkjenning av møtebok

32T

Journalposttittel Protokoll - Teknisk utval - 15.03.2016 **Dato** 03.05.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - U43	16/189

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2016	Teknisk utval	PS	10.05.2016

Høyringsuttale - Søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure - Ådnekvam, AK 1

32T

Journalposttittel	Dato
Kartvedlegg - lokalitet 30196 Ådnekvamme - Masfjorden kommune - Hordaland	02.03.2016
Søknadsbrev Ådnekvamme med underskrift	23.02.2016
Brev til sektormynde	23.02.2016
1000 kartvedlegg ny	23.02.2016
Høyringsuttale	21.04.2016
Søknadsskjema un	23.02.2016
Avslag på søknad	31.03.2016
Løyve til utvidi	02.03.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå at det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Ådnekvamme vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Det vert vist til mottatt søknad 22.02.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Ådnekvamme

Masfjorden kommune har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innanfor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen AK 1 for Masfjorden kommune.

Grunngjeving:

Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belasting på resipienten i fjordbassenget. Viser til Fylkesmannen i Hordaland som ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn.

Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland:

Den negative utviklinga i oksygennivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om

å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har den 22.02.2016 mottatt søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Ådnekvamme. Masfjorden kommune skal vurdere søknaden og legge søknaden ut på offentleg ettersyn.

Uttale

Søknaden har vore lagt ut for gjennomsyn på kommunehuset, Masfjordnes, i tida 15.03. – 12.04.2016, og på heimesida Masfjorden.kommune.no.

Det er kome inn ein merknad til saka. Vedlegg til saka.

Høyring

Masfjorden kommune har fått kopi vedtak frå:

Fylkesmannen i Hordaland og Kystverket.

Fakta

Søknaden gjeld søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune AK1 i Arealdelen til kommuneplanen.

Selskapet søker om løyve til å plassere anlegget lenger mot sørvest, innanfor akvakulturområde i arealplanen. Anlegget vil bestå av 6 stykk firkantbur (25x25 m) på ei rekke, samt ein forflåte som er tenkt plassert i den nordaustre delen av anlegget. Endra utforming og justert plassering medfører at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Samla overflate areal for anlegget vil vera omlag 6 dekar. Kartet under syner omsøkt arealendring for lokalitet 30196 Ådnekvamme.

Lokalitet 30196 Ådnekvamme er mellombels klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 780 tonn fram til 31.12.2016. Løyve vart gjeve mellombels fordi det var knytt usikkerheit til kor stor produksjon som vil vere på dei 5 lokalitetane, som ligg inne i Masfjorden, i framtida. Fjorden er ein sterkt terskla fjord som på grunn av grunn terskel, smalt innløp og djupt fjordbasseng, har avgrensa resipientkapasitet. Innan 2016 vil kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget vere betra, både med resipientundersøkingar og driftserfaringar frå anlegga.

Vurdering

Rådmannen viser til mottatt søknad 22.02.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Ådnekvamme

Ei dobling av produksjonen vil ha ei negativ belasting på resipienten i fjordbassenget. Viser til

Fylkesmannen i Hordaland som ikkje godkjenner utviding av lokaliteten frå 780 tonn til 1560 tonn.

Konklusjon Fylkesmannen i Hordaland:

Den negative utviklinga i oksygennivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn

Konklusjon

Masfjorden kommune ved rådmannen rår i frå att det vert gjeve løyve til utvidning av produksjonen på lokalitet Ådnekvamme vert dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Diverse Tuner Info 3D Sjøstrek Hardhet Bunn Snitt
Ingen bunnkalkulering

0 750 << >> Relieff Bokser Print 20.5.4.37 ☀

Selvåg


Dydedekoter 1 2 5 10 20 50 100 Tall
Røkeskjærgård Kartverk CD-oversikt ChartWorld-versjoner
Plotterlag << >> Lingalats F G Selkingstad Engsund Feey Sterling Cudford Tombre Ebro Perioder < > 5 måneder Høyre musknapp endrer navn

Røkeskjærgård

**GODKJENT
KYSTVERKET
VEST**

24.02.16

Anvilklegend



Dydedekoter 1 2 5 10 20 50 100 Tall
Røkeskjærgård Kartverk CD-oversikt ChartWorld-versjoner
Plotterlag << >> Lingalats F G Selkingstad Engsund Feey Sterling Cudford Tombre Ebro Perioder < > 5 måneder Høyre musknapp endrer navn

Olex

Tabell 1. Posisjonar (WGS 84) for plassering av anlegg og flåte på lokaliteten Ådnekvamme.

Anlegg og flåte	Posisjon N	Posisjon Ø
Anlegg NNV hjørne	60°49,910'	05°21,202'
Anlegg NNØ hjørne	60°49,905'	05°21,230'
Anlegg SSØ hjørne	60°49,823'	05°21,171'
Anlegg SSV hjørne	60°49,828'	05°21,144'
Flåte NNV hjørne	60°49,921'	05°21,207'
Flåte NNØ hjørne	60°49,918	05°21,227
Flåte SSØ hjørne	60°49,913'	05°21,225'
Flåte SSV hjørne	60°49,916'	05°21,205'

I tabell 1 – 3 er det oppgitt posisjonar for plassering av anlegg og flåte samt posisjonar for endefortøyningane samt type botnfeste for anlegg og flåte.

Tabell 2. Posisjonar (WGS 84) for fortøyningar frå anlegg samt type botnfeste nytta på kvar fortøyning på lokaliteten Ådnekvamme.

Fortøyning nr	Posisjon N	Posisjon Ø	Ca lengde, m	Feste
1	60°49,861'	05°21,506'	240	ploganker
2	60°49,844'	05°21,541'	290	bolt i fjell
3	60°49,828'	05°21,545'	295	bolt i fjell
4	60°49,819'	05°21,526'	295	bolt i fjell
5	60°49,796'	05°21,546'	320	bolt i fjell
6	60°49,785'	05°21,515'	290	bolt i fjell
7	60°49,770'	05°21,515'	290	bolt i fjell
8	60°49,508'	05°21,045'	600	ploganker
9	60°49,513'	05°20,976'	600	ploganker
10	60°49,519'	05°20,937'	600	ploganker
11	60°49,539'	05°20,886'	510	ploganker
12	60°49,913'	05°20,593'	500	ploganker
13	60°49,926'	05°20,620'	510	ploganker
14	60°49,940'	05°20,628'	500	ploganker
15	60°49,953'	05°20,650'	510	ploganker
16	60°49,966'	05°20,654'	500	ploganker
17	60°49,976'	05°20,674'	510	ploganker
18	60°49,988'	05°20,963'	500	ploganker
19	60°50,089'	05°21,287'	315	bolt i fjell
20	60°50,082'	05°21,317'	325	bolt i fjell
21	60°50,071	05°17,959'	335	bolt i fjell
22	60°50,061	05°17,997'	345	bolt i fjell

GODKJENT

KYSTVERKET
VEST

24.02.16

Tabell 3. Posisjonar (WGS 84) for fortøyningar frå flåte samt type botnfeste nytta på kvar fortøyning på lokaliteten Laberget.

Fortøyning nr	Posisjon N	Posisjon Ø	Ca lengde, m	Feste
F1	60°49,882'	05°21,528'	265	ploganker
F2	60°49,875'	05°21,526'	265	ploganker
F3	60°49,609'	05°21,433'	600	ploganker
F4	60°49,737'	05°20,665'	600	ploganker
F5	60°49,999'	05°20,711'	490	ploganker
F6	60°50,004'	05°20,729'	475	ploganker
F7	60°50,081'	05°21,324'	325	bolt i fjell
F8	60°50,076'	05°21,339'	330	bolt i fjell

GODKJENT
KYSTVERKET
VEST

24. 02. 16

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
hfk@hfk.no

8. desember 2015

**ENGESUND FISKEOPPDRETT AS. SØKNAD OM PERMANENT DRIFT OG
UTVIDING FRÅ 780 TONN MTB TIL 1560 TONN MTB PÅ LOKALITET NR 30196
ÅDNEKVAMME I MASFJORDEN KOMMUNE.**

Engesund Fiskeoppdrett AS har mellombels løyve på lokalitet Ådnekvamme fram til 31.12.16 for ein MTB på 780 tonn for løyve nr HFJ 0010. Det vert søkt om eit permanent løyve og ei utviding av anlegget til 1560 tonn MTB innanfor område AK 11 som i Masfjorden kommune sin kommuneplan 2012 – 2024 er regulert for akvakultur.

Engesund Fiskeopdrett AS fekk frå Fiskeridirektoratet 7. september 2015 melding om endeleg tilsagn om grønt løyve i gruppe C. Tilsagn om løyve gjev rett til å söke om lokalitet for ein MTB på 780 tonn, og ein søker no om samlokalisering på lokaliteten Ådnekvamme og utviding til 1560 tonn MTB.

Engesund Fiskeoppdrett AS har fått tildelt tilsegn om grøn konsesjon dagsett 4. juli 2014 der me har fått følgjande krav til drift:

Løysingar for å redusere risiko for påverknad av vill laksefisk som følgje av rømming:

- Bruk av lukka, flytande betonganlegg for oppdrett av postsmolt til 400 – 1000 gram
- Bruk av ”miljønot”
- Høg bemanning på anlegget

Løysingar for å avgrense påslag/hindre spreiing av lakselus:

- Bruk av lukka, flytande betonganlegg for oppdrett av postsmolt til 400 – 1000 gram
- Bruk av luseskjørt
- Bruk av rensefisk i form av oppdretta rognkjeks
- Bruk av funksjonelt fôr

Desse krava er sett ut frå vesentleg reduksjon i risiko for rømming og dermed og redusert påverknad på ville populasjonar av laksefisk. Krava er og sett ut frå at ein i denne typen anlegg heile tida skal kunne ha færre enn 0,1 vaksne holus av lakselus i gjennomsnitt pr fisk, mens krava til dagens drift i oppdrettsnæringa er færre enn 0,5 vaksne holus i gjennomsnitt pr fisk.

Konsekvensen av desse krava er og at ved samdrift med dagens konsesjon (akvakulturløyve HFJ 10) på lokaliteten Ådnekvamme, så skal denne også driftast etter krava sett til grønt løyve.

Den omsøkte lokaliteten er vist på vedlagte utsnitt av sjøkart og andre kartvedlegg i rapporten til Rådgivende Biologer AS (rapport nr 2161). Anlegget legg opp til ei miljøvenleg drift, med god plass til fisken i anlegget og bruk av nøter utan koparimpregnering.

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå oss gjennomført ei vurdering av den omsøkte oppdrettslokaliteten basert på kartstudiar, tidlegare straummålingar, miljøgranskinger og kjennskap til tilsvarende oppdrettslokalitetar. I rapport 2161 føreligg det ei område- og lokalitetsskildring med verdivurdering og vurdering av verknader og konsekvensar ved ei utviding basert på undersøkingar på og rundt lokaliteten og i resipienten. Det også er lagt ved ei skisse med tekstdel som viser plasseringa av omsøkte anlegg med fortøyningar (målestokk ca 1:10.800) og skisse av anlegget (målestokk ca 1:1000).

Det er ikkje gjort nye straummålingar eller botngransking på den nye lokaliteten då det omsøkte anlegget ligg i nær avstand til dagens anlegg med om lag tilsvarende straumtilhøve. Dette er og avklart med Hordaland Fylkeskommune. Det er og i 2014 utført resipientgransking utanfor Ådnekvamme, som syner gode miljøtilhøve i resipienten.

Me vonar på ei snarleg og positiv handsaming av denne søknaden.

Vedlagt følgjer for lokaliteten ved Ådnekvamme:

- Utfylt søknadsskjema
- kvittering for betalt gebyr for utviding av lokalitets MTB-en på Ådnekvamme (Kr 12 000)
- rapport nr 2000: MOM C - gransking ved lokaliteten Ådnekvamme i Masfjorden kommune
- tilsegn grønt løyve i gruppe C dagsett 4. juli 2014

I rapport nr 2161 frå Rådgivende Biologer AS som gjelder utvidingssøknaden så finn ein:

- område- og lokalitetsskildring
- djupnetilhøve i sjøområdet på og rundt lokaliteten
- vurdering av verknader og konsekvensar
- plassering av anlegget med fortøyningsplan (M= ca 1 : 10 800)
- dokumentasjon av anlegg
- skisse av anlegget (M= ca 1 : 1 000)
- beredskapsplanar for anlegget

Ein har ikkje lagt ved:

- Konsekvensutredning, då den omsøkte MTB er på 1560 tonn, og anlegget vil ligge innafor område avsett til akvakultur

Når det gjeld behovet for KU i denne konkrete saka, meiner vi at denne saka er tilstrekkeleg opplyst og ikkje treng noko vidare konsekvensutredning. I høve til Forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover av 1. januar 2015 er det omsøkte tiltaket eit Vedlegg II tiltak som skal handsamast etter § 3 i nemnde forskrift. I høve til § 3 i forskriftena kan ansvarleg mynde krevje at tiltakshavar bidreg med naudsynte opplysningar før søknaden vert sendt på høyring dersom ansvarleg mynde meinat at søknaden ikkje gjev eit

tilfredsstillande grunnlag for å vurdere om tiltaket kan få vesentlege verknader. Ved dette høvet stettar søknaden dei krav som gjeld for søknader om oppdrettslokalitetar i sjø, den omsøkte lokalitets MTB-en er relativt låg, og verksemda skal samla drivast i samsvar med krava til grønt løyve i gruppe C. Det er soleis lite truleg at dette omsøkte tiltaket kan få vesentlege verknader på miljø, biologisk mangfald og samfunn, og me vurderer det slik at denne saka treng ikkje noko ytterlegare konsekvensutgreiing.

Med den omsøkte lokaliseringa av anlegget på lokaliteten, viser denne søknaden med den vedlagte dokumentasjonen at lokaliteten vil vere godt eigna til fiskeoppdrett.

Me vonar på ei snarleg handsaming av Engesund Fiskeoppdrett AS sin søknad.

Med venleg helsing

for Engesund Fiskeoppdrett AS



Svein Eivind Gilje




Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
 Mattilsynet Region Sør og Vest
 Kystverket Vest
 Fiskeridirektoratet Region Vest

Dato: 22.02.2016
 Vår ref.: 2016/1186-9
 Sakshandsamar: Endre Korsøen
 Telefon: 917 64 632

H-FJ-10 og grønt løyve - Engesund Fiskeoppdrett AS org. nr. **944819967 - Søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune**

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 19.02.2016 fra Engesund Fiskeoppdrett AS om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune.

Selskapet søker om løyve til å plassere anlegget lenger mot sørvest, innanfor akvakulturområde i arealplanen. Anlegget vil bestå av 6 stykk firkantbur (25x25 m) på ei rekke, samt ein forflate som er tenkt plassert i den nordaustre delen av anlegget. Endra utforming og justert plassering medfører at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Samla overflate areal for anlegget vil vera omlag 6 dekar. Kartet under syner omsøkt arealendring for lokalitet 30196 Ådnekvamme.



Lokalitet 30196 Ådnekvamme er mellombels klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 780 tonn fram til 31.12.2016. Løyve vart gjeve mellombels fordi det var knytt usikkerheit til kor stor produksjon som vil vere på dei 5 lokalitetane, som ligg inne i Masfjorden, i framtida. Fjorden er ein sterkt terskla fjord som på grunn av grunn terskel, smalt innløp og djupt fjordbasseng, har avgrensa resipientkapasitet. Innan 2016 vil

kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget vere betra, både med resipientundersøkingar og driftserfaringar frå anlegga.

Verksemdele sokjer om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå 780 tonn til 1560 tonn. Ein auke på 780 tonn.

Engesund Fiskeoppdrett AS fekk den 07.09.2015 melding om endeleg tilsegn om grønt løyve i gruppe C i tildelingsrunden 2013. Tilsegnet gjev rett til å söke om lokalitet for ein MTB på 780 tonn. For å oppfylle krava om at løysingane vesentleg reduserer risikoien for påverknad av vill laksefisk som følgje av rømming og for å sikre at dei fastsette grenseverdiar med omsyn til lus vert haldne, gjeld følgjande vilkår ved drifta av dette løyvet:

- Produksjon i lukka flytande betonganlegg fram til fisken veg 400 gram – 1 kg.
- Bruk av oppdretta reinsefisk ved produksjon i ope anlegg.
- Bruk av luseskjørt ved produksjon i ope anlegg.

Grenseverdiane for lus i forskrifa er færre enn 0,1 vaksne holus. Denne grensa skal haldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus. Ved samlokalisering vil vilkåra over også gjelde for det andre løyva på lokaliteten. For ytterlegare detaljar og informasjon viser vi til søknaden.

I kommuneplan for Masfjorden vedteke 31.05.2012 er omsøkt område avsett til akvakultur, og i føresegnene til planen er det høve til å leggje fortøyningar og anker i fleirbruksområde utafor området sett av til akvakultur.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifa. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifa. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiaast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Masfjorden kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Engesund Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjørda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.


Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:

Engesund Fiskeoppdrett AS

Anleggskisse M=1:1000



16189



Høringsuttalelse (KF-118)

Referansenummer: AHF56T

Registrert dato: 14.04.2016 23:35:46

Innledning	
Uttalelsen gis	
<input checked="" type="radio"/> Personlig	
Opplysninger om innsender	
Fornavn	
Sigrun Kjetland	
Etternavn	
Andvik	
Adresse	
Andvikvegen 915	
Postnummer 5981	Poststed MASFJORDNES
Telefon 41642971	
E-post	
Opplysninger om foretak/lag/forening	

Uttalelse	
Har du/dere fått tilsendt høringssaken i adressert sending fra kommunen	
<input checked="" type="radio"/> Nei	
Navn på høringssaken	
Søknad om utviding av fiskeanlegg på lokalitet 30196, ak, 13, Ådnekvamme i Masfjorden kommune	
Dato på kommunens høringsbrev	
15.03.2016	
Saksnr./ref.nr.	

Me vil med dette få ytre at me er sterkt imot at kommunen tillet Engesund Fiskeoppdrett å utvide fiskeanlegget på Ådnekvamme. Me hadde håpo at dei heller fekk pålegg om å fjerne anlegget.

Anlegget er på noverande tidspunkt omtrent plasset oppi fjærsteinane våre. Det forureinar; det luktar därleg ved sjøen og det ligg til tider ein "film" av feitt oppå vatnet. Før anlegget kom var det friskt sjøvatn ved naustet vårt. No er dette borte og det er lite freistande å bade td slik situasjonen er no.

Luseproblematikken som fylgjer med slike anlegg, kjenner vi frå media; Bergens Tidende td. Dei skriv blant anna at Engesund Fiskeoppdrett har hatt omfattande luseproblem tidlegare, og verst var det i anlegga i Masfjorden. Der er altså ein omfattande bruk av antibiotika mot sjukdom. I tillegg les vi både i media og i veterinærrapportar vedlagt i saka, at ein må ta i bruk reseptbelagt lusemiddel for å halde fisken frisk. Resultatet er at all fisk i området blir forureina av medisin, ikkje særleg attraktivt å fike her lenger.

Plassering, både noverande og den nye det er søkt om, samt bruk av anker og vaier på "kryss og tvers" i fjorden, gjer at fiskeplassar blir øydelagde. Det går td ikkje an å setje line ut frå Holmen lenger. Anlegget ligg i vegen i tillegg til at ein set fast lina i ankervaiera under sjøen.

Naturen i Masfjorden blir brukt i all form for reklame om kommunen, den reine, finenaturen er trekkplasteret til kommunen. Dette er ein no i ferd med å øydelegge i og med at ein tillet å plassere fiskeanlegg nesten overalt innover heile fjorden. Den reine og fine fjorden blir borte. Ikke særleg attraktivt verken for ferierande gjester eller fastbuande.

Me håpar difor at Masfjorden kommune seier nei til utviding av fiskeanlegget ved Ådnekvamme.

Med venleg helsing
Sigrun og Åril Andvik

Søknadsskjema for akvakultur i flytande anlegg

Søknad etter lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova)¹⁾. Søknadsskjemaet er felles for akvakultur-, mattilsyn-, miljø-, vassdrags- og kystforvaltninga. Med unntak av havbeite, som har eige skjema, gjeld skjemaet for alle typar akvakultur i fersk-, brakk- og saltvatn. Ferdig utfylt skjema skal sendast til fylkeskommunen i det fylket som søknaden gjeld for. (Adresse sjå vegleiar). Søkjaren har ansvar for at søknaden inneholder fullstendige opplysingar. Opplysingane vert kravde med heimel i akvakulturlova, matlova, forureiningslova, naturvernlova, friluftslova, vassressurslova, og havne- og farvasslova. Opplysingar som går inn under forvalningslova § 13, er ikkje offentlege, jf. offentleglova § 5a. Ufullstendige søknader fører til lengre søknadsprosess, og kan returnerast til søkeren. Vi viser til ei eiga rettleiing til hjelp ved utfyllinga av skjemaet. Med sikte på å redusere skjemaveldet for verksemduene kan opplysingar som søkeren har gjeve i dette skjemaet med heimel i lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta også av andre offentlege organ med heimel til å innhente dei same opplysingane. Opplysingar om eventuell samordning får ein ved å vende seg til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00 eller hjå Fiskeridirektoratet på telefon 03495.

1 Allmenne opplysningar			
1.1 Søkjaren			
Engesund Fiskeoppdrett AS			
1.1.1 Telefonnummer 53 49 71 45	1.1.2 Mobiltelefon 90 17 24 82	1.1.3 Faks 53 49 76 77	
1.1.4 Postadresse Engesund, postboks 64, 5419 Fitjar	1.1.5 E-postadresse sveg@engesund.no	1.1.6 Organisasjons- eller personnummer 944 819 967	
1.2 Ansvarleg for oppfølging av søknaden (kontaktperson)			
Svein Eivind Gilje			
1.2.1 Telefonnummer 53 49 71 45	1.2.2 Mobiltelefon 90 17 24 82	1.2.3 E-postadresse sveg@engesund.no	
1.3 Søknaden gjeld lokalitet i			
1.3.1 Region i Fiskeridirektoratet Vest	1.3.2 Fylke Hordaland	1.3.3 Kommune Masfjorden	
1.3.4 Namn på lokaliteten Ådnekvamme	1.3.5 Geografiske koordinatar N 60° 49, 919' Ø 5° 21, 220'		
2. Planstatus og arealbruk			
2.1. Planstatus og vernetiltak			
Er søknaden i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ingen plan gjeld
Er søknaden i strid med vedtekne vernetiltak etter naturvernlova?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ingen vernetiltak gjeld
Er søknaden i strid med vedtekne vernetiltak etter kulturminnelova?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ingen vernetiltak gjeld
2.2. Arealbruk – arealinteresser			
(Om det er naudsynt, bruk pkt. 2.4/ pkt. 5 Tilleggsopplysingar eller pkt. 6 Vedlegg)			
Kor stort areal treng det omsøkte tiltaket?	Rundt 5,5 da.		
Annan bruk og/eller andre interesser i området: Lokaliteten ligg i eit område som i Masfjorden kommune sin kommuneplan 2012 – 2024 er regulert for akvakultur, området har fått namn AK13 – Ådnekvamme.			
Alternativ bruk av området:		
Verneinteresser utover pkt. 2.1		
2.3. Konsekvensutgreiling			
Meiner søkeren at søknaden treng konsekvensutgreiling etter plan- og bygningslova?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	
2.4. Tilleggsopplysingar			
Jf. rapport 2161 frå Rådgivende Biologer AS			

3 Søknaden gjeld														
<p>3.1 <input type="checkbox"/> Klarering av ny lokalitet (Når det ikkje er løyve til akvakultur på lokaliteten per i dag). Søknad om nytt løyve til akvakultur eller ny lokalitet for visse typar løyve, jf. rettleiing.</p> <p>Omsøkt storleik:</p> <p>Løyvenummer (alle): Dersom det er tildelt, jf. rettleiinga:</p> <p>Er det andre som søker om samlokalisering på lokaliteten? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p> <p>Dersom ja, namn på søker(ar): Sjå også pkt. 6.1.8</p>	<p>eller</p> <p>3.2 <input checked="" type="checkbox"/> Endring Lokalitet nr.:30196 Ådnekvamme..... Løyvenr. (alle):HFJ 0010..... Endringa gjeld: Set fleire kryss dersom det er naudsynt. <input checked="" type="checkbox"/> Arealbruk/utviding <input checked="" type="checkbox"/> Biomasse: Auke:780..... (tonn) Totalt etter endring: ...1560 tonn.... <input type="checkbox"/> Annan storleik Auke:(tonn) Totalt etter endring: <input type="checkbox"/> Løyve til ny innehavar på lokaliteten <input type="checkbox"/> Endring av art <input checked="" type="checkbox"/> Anna Spesifiser: ...klarering for tilsagn grønt løyve i gruppe C dagsett 4. juli 2014.....</p>													
<p>3.3 Art</p> <table border="0"> <tr> <td style="width: 33.33%; vertical-align: top;"> <p>3.3.1 <input checked="" type="checkbox"/> Laks, aure og regnbogeaure (Føremålet må og kryssast av)</p> <table border="0"> <tr> <td><input checked="" type="checkbox"/> Kommersiell matfisk</td> <td><input type="checkbox"/> Undervisning</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Forsking</td> <td><input type="checkbox"/> Visning</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Fiskepark</td> <td><input type="checkbox"/> Stamfisk</td> </tr> <tr> <td></td> <td><input type="checkbox"/> Slaktemerd</td> </tr> </table> </td> <td style="width: 33.33%; vertical-align: top;"> <p>3.3.2 <input type="checkbox"/> Annan fiskeart</p> <p>Oppgi art:</p> <p><i>Latinsk namn:</i></p> </td> <td style="width: 33.33%; vertical-align: top;"> <p>3.3.3 <input type="checkbox"/> Annan akvakulturart</p> <p>Oppgi art:</p> <p><i>Latinsk namn:</i></p> </td> </tr> </table>			<p>3.3.1 <input checked="" type="checkbox"/> Laks, aure og regnbogeaure (Føremålet må og kryssast av)</p> <table border="0"> <tr> <td><input checked="" type="checkbox"/> Kommersiell matfisk</td> <td><input type="checkbox"/> Undervisning</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Forsking</td> <td><input type="checkbox"/> Visning</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Fiskepark</td> <td><input type="checkbox"/> Stamfisk</td> </tr> <tr> <td></td> <td><input type="checkbox"/> Slaktemerd</td> </tr> </table>	<input checked="" type="checkbox"/> Kommersiell matfisk	<input type="checkbox"/> Undervisning	<input type="checkbox"/> Forsking	<input type="checkbox"/> Visning	<input type="checkbox"/> Fiskepark	<input type="checkbox"/> Stamfisk		<input type="checkbox"/> Slaktemerd	<p>3.3.2 <input type="checkbox"/> Annan fiskeart</p> <p>Oppgi art:</p> <p><i>Latinsk namn:</i></p>	<p>3.3.3 <input type="checkbox"/> Annan akvakulturart</p> <p>Oppgi art:</p> <p><i>Latinsk namn:</i></p>	
<p>3.3.1 <input checked="" type="checkbox"/> Laks, aure og regnbogeaure (Føremålet må og kryssast av)</p> <table border="0"> <tr> <td><input checked="" type="checkbox"/> Kommersiell matfisk</td> <td><input type="checkbox"/> Undervisning</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Forsking</td> <td><input type="checkbox"/> Visning</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Fiskepark</td> <td><input type="checkbox"/> Stamfisk</td> </tr> <tr> <td></td> <td><input type="checkbox"/> Slaktemerd</td> </tr> </table>	<input checked="" type="checkbox"/> Kommersiell matfisk	<input type="checkbox"/> Undervisning	<input type="checkbox"/> Forsking	<input type="checkbox"/> Visning	<input type="checkbox"/> Fiskepark	<input type="checkbox"/> Stamfisk		<input type="checkbox"/> Slaktemerd	<p>3.3.2 <input type="checkbox"/> Annan fiskeart</p> <p>Oppgi art:</p> <p><i>Latinsk namn:</i></p>	<p>3.3.3 <input type="checkbox"/> Annan akvakulturart</p> <p>Oppgi art:</p> <p><i>Latinsk namn:</i></p>				
<input checked="" type="checkbox"/> Kommersiell matfisk	<input type="checkbox"/> Undervisning													
<input type="checkbox"/> Forsking	<input type="checkbox"/> Visning													
<input type="checkbox"/> Fiskepark	<input type="checkbox"/> Stamfisk													
	<input type="checkbox"/> Slaktemerd													
<p>3.4 Type akvakulturløyve (produksjonsform, set fleire kryss dersom det er naudsynt)</p> <table border="0"> <tr> <td style="width: 50%; vertical-align: top;"> <input type="checkbox"/> Setjefisk <input checked="" type="checkbox"/> Matfisk <input type="checkbox"/> Stamfisk <input type="checkbox"/> Slaktemerd </td> <td style="width: 50%; vertical-align: top;"> <input type="checkbox"/> Tidlege livsstadier av blautdyr, kreps og pigghuder <input type="checkbox"/> Seinare livsstadier av krepsdyr, blautdyr og pigghuder <input type="checkbox"/> Anna , t.d. manntal, fangstbasert </td> </tr> </table> <p>Spesifiser:</p>			<input type="checkbox"/> Setjefisk <input checked="" type="checkbox"/> Matfisk <input type="checkbox"/> Stamfisk <input type="checkbox"/> Slaktemerd	<input type="checkbox"/> Tidlege livsstadier av blautdyr, kreps og pigghuder <input type="checkbox"/> Seinare livsstadier av krepsdyr, blautdyr og pigghuder <input type="checkbox"/> Anna , t.d. manntal, fangstbasert										
<input type="checkbox"/> Setjefisk <input checked="" type="checkbox"/> Matfisk <input type="checkbox"/> Stamfisk <input type="checkbox"/> Slaktemerd	<input type="checkbox"/> Tidlege livsstadier av blautdyr, kreps og pigghuder <input type="checkbox"/> Seinare livsstadier av krepsdyr, blautdyr og pigghuder <input type="checkbox"/> Anna , t.d. manntal, fangstbasert													
<p>3.5 Tilleggsopplysingar om søknaden gjeld matfisk av laks, aure eller regnbogeaure</p> <table border="0"> <tr> <td style="width: 50%; vertical-align: top;"> <p>3.5.1 Disponible lokalitar</p> <table border="0"> <tr> <td>Lok.nr.: 11644</td> <td>Lok.namn: Duesund</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 13699</td> <td>Lok.namn: Leirvika</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 34657</td> <td>Lok.namn: Laberget</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 32117</td> <td>Lok.namn: Dyrholmen Øst</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 32157</td> <td>Lok.namn: Dyrholmen Vest</td> </tr> </table> </td> <td style="width: 50%; vertical-align: top;"> <p>3.5.2 Gjeld lokalitetsklareringa ein annan region enn den regionen søkeren alt har fått tildelt løyve?</p> <p><input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei</p> <p>Dersom svaret er ja, er det søkt om særskild dispensasjon? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p> </td> </tr> </table>			<p>3.5.1 Disponible lokalitar</p> <table border="0"> <tr> <td>Lok.nr.: 11644</td> <td>Lok.namn: Duesund</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 13699</td> <td>Lok.namn: Leirvika</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 34657</td> <td>Lok.namn: Laberget</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 32117</td> <td>Lok.namn: Dyrholmen Øst</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 32157</td> <td>Lok.namn: Dyrholmen Vest</td> </tr> </table>	Lok.nr.: 11644	Lok.namn: Duesund	Lok.nr.: 13699	Lok.namn: Leirvika	Lok.nr.: 34657	Lok.namn: Laberget	Lok.nr.: 32117	Lok.namn: Dyrholmen Øst	Lok.nr.: 32157	Lok.namn: Dyrholmen Vest	<p>3.5.2 Gjeld lokalitetsklareringa ein annan region enn den regionen søkeren alt har fått tildelt løyve?</p> <p><input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei</p> <p>Dersom svaret er ja, er det søkt om særskild dispensasjon? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p>
<p>3.5.1 Disponible lokalitar</p> <table border="0"> <tr> <td>Lok.nr.: 11644</td> <td>Lok.namn: Duesund</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 13699</td> <td>Lok.namn: Leirvika</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 34657</td> <td>Lok.namn: Laberget</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 32117</td> <td>Lok.namn: Dyrholmen Øst</td> </tr> <tr> <td>Lok.nr.: 32157</td> <td>Lok.namn: Dyrholmen Vest</td> </tr> </table>	Lok.nr.: 11644	Lok.namn: Duesund	Lok.nr.: 13699	Lok.namn: Leirvika	Lok.nr.: 34657	Lok.namn: Laberget	Lok.nr.: 32117	Lok.namn: Dyrholmen Øst	Lok.nr.: 32157	Lok.namn: Dyrholmen Vest	<p>3.5.2 Gjeld lokalitetsklareringa ein annan region enn den regionen søkeren alt har fått tildelt løyve?</p> <p><input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei</p> <p>Dersom svaret er ja, er det søkt om særskild dispensasjon? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p>			
Lok.nr.: 11644	Lok.namn: Duesund													
Lok.nr.: 13699	Lok.namn: Leirvika													
Lok.nr.: 34657	Lok.namn: Laberget													
Lok.nr.: 32117	Lok.namn: Dyrholmen Øst													
Lok.nr.: 32157	Lok.namn: Dyrholmen Vest													
<p>3.6 Tilleggsopplysingar</p> <p>Jf. rapport 2161 frå Rådgivende Biologer AS</p>														

4. Omsyn til folkehelse, smittevern og dyrehelse, miljø, ferdslle og tryggleik til sjøs

4.1 Omsyn til folkehelse, ytre ureining

Avstand til utslepp fra kloakk, industri (noverande eller tidlegare),
landbruk o.l. innanfor 5 kilometer, Jf. rapport 2161 frå Rådgivende Biologer AS

4.2 Omsyn til smittevern og dyrehelse

4.2.1 Akvakulturrelatert verksemd eller lakseførande vassdrag i nærområdet m.m. innanfor 5 kilometer

Stednamn og type verksemd i lakseførande vassdrag:

Jf. rapport 2161 frå Rådgivende Biologer AS

4.2.2 Driftsform

Utsett av sjøklar settefisk som står i anlegget fram til slakt.

4.3 Omsyn til miljø

4.3.1 Planlagd årleg produksjon

Rundt 1500 tonn

4.3.2 Forventa førforbruk i tonn

Rundt 1800 tonn

4.3.3 Miljøtilstand

I sjø

B-gransking (i samsvar med. NS 9410),
tilstandsklasse:

C-gransking (i samsvar med. NS 9410):
 Ja Nei

Anna miljøgransking:
 Ja Nei

I ferskvatn

Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvatn:
 Ja Nei

Miljøgransking

Gransking av biologisk mangfold mm:
 Ja Nei

4.3.4 Straummåling

Vassutskiftingsstraum: Spreiingsstraum:

3,2 cm/s **1,9 cm/s**

Botnstraum:

1,7 cm/s

4.3.5 Salinitet (ved utslepp til sjø):

Maksimum: **30 %** Minimum: **10 %**

Djupn: 3 m m Djupn: 3 m m

Tidspunkt: Vinter Tidspunkt: Vår/høst

4.4 Omsyn til ferdslle og tryggleik til sjøs

4.4.1 Minste avstand til trafikkert farleid/areal

0,8 km

4.4.2 Rutegåande trafikk i området (namn på operatør)

.....

4.4.3 Sjøkabler, vass-, avlaups- og andre røyrleidninger (namn på eigar)

.....
.....

4.4.4 Lokalisering av anlegget i høve til sektorar frå fyr og lykter

<input type="checkbox"/> Kvit	<input type="checkbox"/> Grøn
<input checked="" type="checkbox"/> Raud	<input type="checkbox"/> Ingen

4.5 Tileggsopplysingar

5. Tilleggsopplysingar

Jf. rapport 2161 frå Rådgivende Biologer AS

6. Vedlegg

6.1 Til alle søknader (jf. pkt. 3.1 og 3.2)

6.1.1 <input checked="" type="checkbox"/> Kvittering for betalt gebyr	6.1.2 <input type="checkbox"/> Straummåling	
6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse (Til alle søknader som fører med seg ny eller endra arealbruk)		
<input checked="" type="checkbox"/> Sjøkart (M = 1:50 000) <ul style="list-style-type: none"> • Anna akvakulturrelatert verksemnd m.m. • Kablar, vassleidningar o.l. i området • Tersklar med meir • Anlegget avmerkt 	<input checked="" type="checkbox"/> Kystsoneplankart <ul style="list-style-type: none"> • Anna akvakulturrelatert verksemnd m.m. • Kablar, vassleidningar o.l. i området • Anlegget avmerkt 	<input checked="" type="checkbox"/> Kart i N -5 serie, evt Olex, C-Map e l. (M= 1:5 000). <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget med fortøyningssystem og koordinatfesta ytterpunkt • Oppdatert kystkontur • Plassering av strømmålar • Utslepp frå kloakk, landbruk, industri o l. • Kablar, vassleidningar, rørleidningar o.l. i området • Ev. flåtar og landbase
<input checked="" type="checkbox"/> Anleggsskisse (ca M = 1 : 1 000) <ul style="list-style-type: none"> • Anlegg (med ev. flåtar) • Fortøyningssystem med festepunkt (bolt, lodd eller anker) • Gangbruer 	<ul style="list-style-type: none"> • Flaumlys/produksjonslys • Flytekrafer • Andre flytande installasjonar • Markeringslys eller lyspunkt på anlegget 	
6.1.4 <input checked="" type="checkbox"/> Undervasstopografi	6.1.5 <input checked="" type="checkbox"/> Beredskapsplan (jf. etableringsforskrifta frå Mattilsynet.)	
6.1.6 <input type="checkbox"/> Konsekvensutgreiling (jf. rettleiinga pkt 2.3.)	6.1.7 <input type="checkbox"/> Særskilt vedlegg ved store lokalitetar	
6.1.8 <input type="checkbox"/> Samtykkeerklæring Til alle søknader der andre har løyve på lokaliteten	6.1.9 <input checked="" type="checkbox"/> IK-system (jf. etableringsforskrifta frå Mattilsynet)	

6.2. Når søknaden gjeld akvakultur av fisk

6.2.1 Miljøtilstand Unntak: Endring som gjeld anna enn biomasse (jf. pkt. 3.2)	I sjø B-gransking <input type="checkbox"/> C-gransking <input checked="" type="checkbox"/> Anna miljøgransking: <input type="checkbox"/>	I ferskvatn <input type="checkbox"/>	Miljøgransking Gransking av biologisk mangfold m.m.: <input type="checkbox"/>
6.2.2 <input checked="" type="checkbox"/> Tilsegn om akvakulturløyve Til søker om lokalitet der løyvenummer ikkje er tildelt Gjeld berre laks mv.		6.2.3 <input type="checkbox"/> Aktivitetsutgreiling til søknad om stamfisk for laks, aure og regnbogeaure	

6.3 Andre vedlegg spesifiser

FITjar den ...8. desember 2015....

Sunn le fin
Underskrifta til søkeren



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
30.03.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2395 542.1
Dykkar referanse

Engesund Fiskeoppdrett AS
Postboks 64
5419 Fitjar

Avslag på søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om utviding av MTB på lokaliteten Ådnekvamme i Masfjorden

Fylkesmannen avslår søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om auke i produksjon av laks og aure på lokaliteten Ådnekvamme i Masfjorden. Avslaget er gitt i medhald av forureiningslova § 11.

Fylkesmannen har ingen merknad til søknad om flytting av anlegget innafor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Utsleppsløyvet frå 11. desember 2012 blir forlenga med to år og blir gyldig ut 2018.

Vi viser til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS datert 19. februar 2016 og oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 22. februar 2016.

Engesund Fiskeoppdrett AS søker å få omgjort det mellombelse utsleppsløyvet frå 11. desember 2012 til permanent løyve, utviding av produksjonen frå 780 tonn MTB til 1.560 tonn MTB. Det blir også søkt om utskifting av anlegg og flytting av anlegget om lag 150 meter mot sør-sør-vest. Flytting av anlegget skjer innafor AK-område som er sett av i kommuneplanen for Masfjorden kommune.

Bakgrunn for saka

Under handsaming av søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS om etablering av lokaliteten Ådnekvamme i 2012 skreiv vi om resipienten Masfjorden:

Lokaliteten Ådnekvamme ligg inne i Masfjorden, ein sterkt terskla fjord som på grunn av grunn terskel, smalt innløp og djupt fjordbasseng, har avgrensa resipientkapasitet. I samband med anna søknad er det gjort berekningar etter Fjordmiljømodellen som tilseier at det kan vere mogleg å drifta dei fem lokalitetane som er lokaliserte i Masfjorden i dag med den produksjonen som er på anlegga no. Det er knytt usikkerheit til kor stor produksjon som vil vere på lokalitetane i framtida. Fylkesmannen finn det difor rett å gje dette løyet som eit mellombels løyve. Innan 2016 vil kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget vere betra, både med resipientundersøkingar og driftserfaringar frå anlegga.


Masfjorden vil bli følgt opp med overvaking både etter vassforskrifta og som pålegg om resipientundersøking på dei oppdrettsanlegga som ligg i fjorden. Fylkesmannen

ser det som tenleg at oppdrettarane i Masfjorden koordinerer resipientundersøkingane heller enn at det blir gjort ei undersøking for kvart anlegg. Fylkesmannen kjem attende til saka og tek på seg koordineringa av MOM C – undersøkingane i Masfjorden.

Rapportar frå straummåling på lokaliteten syner at det er tilstrekkeleg straum på lokaliteten. Rapportane syner eit noko uvanleg straummønster på lokaliteten med ulik straumretning i overflata og på botnen. Botnstraum på lokaliteten med 1,7 cm/sek er svak, men straumen er svært retningsstabil med Neumannfaktor på 0,997. Dette er ei uvanleg måling og målefeil bør ikkje utelukkast.

Utviklinga i resipienten Masfjorden sidan 2012

Sidan 2012 er det blitt gjort fleire MOM C-granskingar i Masfjorden. Felles for granskingane i denne terskelfjorden er at trenden for oksygennivået i botnvatnet har vore lågare verdiar år for år. Grensa for tilstandsklasse III – moderat -, går ved 120 meter inst i Masfjorden ved lokaliteten Smørdalen og ved 300 m djup ved lokalitetane Barlingebotten og Bergsvik som begge ligg i hovudbassenget. I det ytste bassenget, kor lokaliteten Ådnekvamme ligg, går grensa mot tilstandsklasse III heilt nede ved botnen på 290 meters djup. Oksygennivået i botnvatnet ved lokaliteten Smørdalen inst i Masfjorden var på MOM C-granskinga i 2014 i tilstandsklasse IV – därleg.



Figur 1: Oksygenprofil i Masfjorden, henta frå MOM C-gransking ved lokalitetane Barlingebotten og Bergsvik. Klassifiseringsgrensa for god økologisk tilstand går ved 5 mg O₂/liter. Henta frå Rådgivende Biologer rapport nr 2019.


Årsaker til oksygenvikt

Synkande oksygennivå i terskelfjordbasseng skjer når oksygenforbruket i bassenget er større enn tilførslane av oksygen gjennom vassutskiftinga. Tilførslar av organisk materiale til bassengvatnet (djupare enn terskelnivå) fører til auka oksygenforbruk og følgjeleg lågare oksygenkonsentrasjon i vatnet. Oksygenforbruket er mogleg å beregne rimeleg nøyaktig, men vassutskiftinga over terskelen er ikkje mogleg å beregne nøyaktig. Klimatiske forhold er avgjerande for korleis vassutskiftinga blir gjennom året. I mange terskelfjordar er synkande oksygennivå og store variasjonar over tid naturlege fenomen.

Fjordsistema rundt Bergen har vore overvaka årleg jamleg i mange år. Det er laga lange tidsseriar som syner korleis temperaturen har endra seg siste 100 år. Når temperaturen går opp, går oksygeninnhaldet ned. Desse trendane ser ut til å blir forsterka inne i terskelfjordane.

Utviklinga med lågare oksygennivå i bassengvatnet ser vi tydeleg i fjordsystemet rundt Osterøy. Dette er samstundes område med intensiv akvakulturproduksjon.

Figur 2: Akvakulturproduksjon per arealeining i nokre fjordar og fjordområde i Hordaland.
Produksjonstala er estimert ut frå tildelt MTB.




Samanlikna med dei andre fjordsistema er Masfjorden ei lita fjord, men produksjonen per km² er høgare enn i dei andre fjordane. I samband med søknader om etablering av lokalitetar og utviding av lokalitetar i Masfjorden i 2012, vart det sett krav om å gjere berekningar etter *Fjordmiljømodellen*. I følgje rapporten frå Rådgivende Biologer skulle det vere rom får å auke akvakulturproduksjonen i Masfjorden. Fylkesmannen sette som miljømål at oksygennivået i djupbassenget i Masfjorden skulle halde eit oksygennivå innanfor tilstandsklasse II – god. Blir oksygenkonsentrasjonane lågare, kan det få konsekvensar for naturmangfaldet i fjorden.

Produksjonskapasitet på lokaliteten Ådnekvamme


Lokaliteten har vore i drift i kort tid, og det er berre gjort tre MOM B-granskingar. Resultata av desse tyder på at lokaliteten har avgrensa kapasitet til å tolle utsleppa frå anlegget. Vi har få målepunkt å byggje på, men dei få målingane som er gjort gir ikkje grunnlag for å tru at det ikkje er utan risiko for å få uakzeptabelt därleg miljøtilstand om produksjonen på lokaliteten blir dobla frå 780 tonn til 1.560 tonn MTB.

Figur 3: MOM B-historikk på lokaliteten Ådnekvamme.
Brunfarga linje er forlenging av trenden for dei målingane som er gjort.



Naturmangfald

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerdene er straummålingar og MOM B- og MOM C-granskningar. Målingar syner negativ utvikling i oksygennivået i fjordbassenget. Om denne trenden held fram vil det få negative konsekvensar for naturmangfaldet i Masfjorden, jf. figur 4 som syner marine dyr sine krav til oksygenmengd i vatnet.



Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Grunnlaget for denne avgjerdene ligg i miljøgranskningar som er utførte i Masfjorden og blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å auke akvakulturproduksjonen i Masfjorden til å vere tilstrekkeleg dokumentert. Alle konsekvensar for naturmangfaldet kan ikkje alltid dokumenterast på førehand, jf. føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9.

Den samla belastninga på resipienten Masfjorden vil auke om det blir dobling av produksjonen på Ådnekvamme, jf. naturmangfaldlova § 10. Resipientgranskingane har synt nedgang i oksygenmetning i djupvatnet.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Engesund Fiskeoppdrett AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldlova § 12.

Konklusjon

Den negative utviklinga i oksygennivået i djupbassenget i Masfjorden gjer et det ikkje er tilrådeleg å auke akvakulturproduksjonen i fjorden. MOM B-granskingane på lokaliteten gir heller ikkje grunnlag for å auke produksjonen på lokaliteten Ådnekvamme. Fylkesmannen gir derfor avslag på søknad om å auke MTB på lokaliteten frå 780 tonn til 1.560 tonn.

Utsleppsløyvet til Engesund Fiskeoppdrett AS på lokaliteten Ådnekvamme vart gitt som eit tidsavgrensa løyve ut 2016. Vi skrev då: *Fylkesmannen finn det difor rett å gje dette løyvet som eit mellombels løyve. Innan 2016 vil kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget vere betra, både med resipientundersøkingar og driftserfaringar frå anlegga.* Det vart den gong gjeve pålegg om månadlege oksygenmålingar ved anlegga i hovudbassenget i Masfjorden. Desse målingane kom ikkje i gong før denne vinteren, etter purring frå Fylkesmannen. Dei neste to åra med månadleg overvaking av oksygennivået i Masfjorden bør kunne gje det grunnlaget for å treffe avgjerd om akvakulturproduksjonen i Masfjorden er på eit nivå som ikkje fører til

uakseptable miljøpåverknad. I dag har vi vurdert det som rett at dei vurderingane må gjerast for alle anlegga i fjorden under eitt. På det grunnlaget forlenger vi det eksisterande mellombelse utsleppsløyvet løyet med to år. Det blir då gjeldande ut 2018.

Fylkesmannen har ingen merknad til søknad om å flytte anlegget innafor areal sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebrysats 4 (lågaste sats), jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med nye løyver. Verksemda skal betale 21.500 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebrysats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at Hordaland fylkeskommune har fatta vedtak etter akvakulturlova.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærmere opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen

**KYSTVERKET**

Vest

Engesund Fiskeoppdrett AS
sveg@engesund.no
5419 FITJAR

Dykker ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2012/4397-9 Johan Sørensen 24.02.2016

Løyve til utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure - lokalitet 30196 Ådnekvamme - Masfjorden kommune - Hordaland**1 Bakgrunn**

Vi viser til søknad av 8. desember 2015 vedrørande ovannemnde.

Søknadar om akvakulturanlegg skal handsamast av fleire statlege myndigheter etter forskjellige regelverk; fylkesmannen, Mattilsynet, fylkeskommunen og Kystverket. Sakshandsaminga er samordna ved at fylkeskommunen sender ut eitt samla vedtak etter at dei andre sektormyndighetene har handsama saka etter eige regelverk.

Dette vedtaket frå Kystverket etter havne- og farvannsloven vert no sendt Hordaland fylkeskommune som grunnlag for eit samla vedtak. Den samordna handsaminga får betydning for klagefristen, sjå nærmere om dette nedanfor under punkt 6 Klage m.v.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det føreligg endeleg løyve frå fylkeskommunen.

2 Skildring av saka

Engesund Fiskeoppdrett AS har søkt om løyve til utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune.

Anlegget vil bestå av seks stykk firkantbur à 25 x 25 meter på ei rekke med førflate plassert i nordaustre del av anlegget. Anlegget søkes flytta lenger ut i sørvestleg retning. Ytterkant av omsøkt anlegg vil være ca 200 meter frå ytterkant av noverande anlegg.

Anlegget vil bli liggande innanfor område avsett til akvakultur i kommuneplanen. I føresegne til planen er det høve til å legge fortøyningar og anker i fleirbruksområde utanfor område avsett til akvakultur.

Lokaliteten sin plassering kjem fram av vedlagte kart med teikning og posisjonar over anlegget inklusive fortøyning angjeve i WGS 84/EUREF 89.

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND Telefon: +47 07847
Bankgiro: 7694 05 06766 Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

3 Aktuelle reglar

Tiltaket fell inn under havne- og farvannsloven § 27 fyrste ledd som lyd:

"Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krever tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk. Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør. (...)."

Tiltaket fell vidare inn under forskrift 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som alltid krever tillatelse fra Kystverket § 1 (tiltaksforskriften) som lyd:

"§ 1. (tiltak som alltid krever tillatelse fra Kystverket)

Følgende tiltak kan ikke iverksettes uten tillatelse fra Kystverket, uten hensyn til hvor tiltaket skal iverksettes:

- a) akvakulturanlegg
- (...)".

Søknaden skal difor avgjerast av Kystverket sjølv om tiltaket det søkjast om skal plasserast innanfor Masfjorden kommune sitt sjøområde.

Alle tiltak som kan påverke tryggleik eller framkome i farvatnet krev løyve etter § 27. Vurderinga av tiltaket sine verknadar for tryggleik og framkome må gjerast konkret ut frå tiltaket sin art, storlek, plassering og forholda elles på staden. Det er tilstrekkeleg at det er ei rimeleg moglegheit for at tiltaket kan verke forstyrrende på ferdsla.

Med "sikkerheten" i farvatnet meiner ein tryggleiken både for personar, under dette liv og helse, fartøy og eigedom, og ferdsel. Det skal under dette leggast vesentleg vekt på verknadar for sjøtransporten og annan ferdsel på sjøen, men også verknadar for annan aktivitet i farvatnet, jf. lova sin § 1. God "fremkommelighet" inneber at det skal leggjast til rette for uhindra og trygg ferdsel. Det er ikkje "fremkommeligheten" for einkvar som lova skal ivareta, men alminneleg framkome, dvs. den alminnelige ferdsel for fleire enn ein enkelt eller nokre få personar. Den konkrete ferdsla sin karakter og intensitet i området må difor vurderast.

I vurderinga av om løyve skal gjevast, skal det også leggjast vekt på havne- og farvannsloven sitt formål som går fram av § 1:

"Loven skal legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Loven skal videre legge til rette for effektiv og sikker havnevirkoshet som ledd i sjøtransport og kombinerte transporter samt for effektiv og konkurransedyktig sjøtransport av personer og gods innenfor nasjonale og internasjonale transportnettverk."

Formålsregelen inneber at vi i tillegg til å leggje vekt på tryggleik og framkome, også må ha eit heilskapleg syn på farvatnet der omsynet til forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet er av betydning for saka. I denne vurderinga er miljøomsyn relevant, jf. uttrykket "allmenne hensyn". Det følgjer også av § 26 første ledd at omsynet til miljøet skal ivaretakast når tiltaket vert planlagt, gjennomført, drive og vedlikehalde.

Det følgjer vidare av § 27 første ledd at det ikkje kan gjevast løyve til tiltak som vil stride mot reglar gjeve i eller i medhald av lova, under dette regelen i § 26 første ledd som lyd:

"Tiltak som krever tillatelse etter dette kapittelet, skal planlegges, gjennomføres, drives og vedlikeholdes slik at hensynet til god fremkommelighet og trygg ferdsel i farvannet samt hensynet til liv og helse, miljø og materielle verdier, blir ivaretatt på en forsvarlig måte."

Regelen fastset ein alminneleg standard som gjeld direkte for tiltakshavar og for myndigheitene som gjev løyvet.

Det går vidare fram av lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 7 at *"prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet"*. Det skal synleggjera korleis naturmangfaldet er vurdert i vedtaket. I tillegg skal forvaltingsmåla i naturmangfoldloven §§ 4 og 5 vere ein del av vurderinga. Med *"naturmangfold"* meinast biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfold, som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneske sin påverknad. Avgjerder som ikkje endrar bruken eller medfører inngrep, og som dermed ikkje råkar naturmangfald, vil som hovudregel falle utanfor verkeområdet til § 7.

Det følgjer av naturmangfoldloven § 8 at offentlege avgjerder som råkar naturmangfaldet så langt som det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap og erfaringsbasert kunnskap om artar, naturtypar og effekten av påverknadar.

Med heimel i havne- og farvannsloven § 29 kan det stillast vilkår til eit løyve. I § 29 heiter det mellom anna:

"Ved fastsettelsen av vilkår i enkeltvedtak etter dette kapitlet skal det legges vekt på hensynet til god fremkommelighet og trygg ferdsel i farvannet, hensynet til andre næringer, samt hensynet til liv og helse, miljø og materielle verdier. (...)."

Løyve til tiltak etter havne- og farvannsloven § 27, jf. tiltaksforskriften, kan elles ikkje gjevast i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningsloven utan at vedkomande plan- og bygningsmyndigkeit har gjeve dispensasjon, jf. havne- og farvannsloven § 32 andre ledd.

4 Vurdering av saka

Det søkes om løyve til utviding og justert plassering av anlegget.

Anlegget er lokalisert i Masfjorden, registrert som bilei 2274. Av navigasjonsinstallasjonar finn ein Stavenes fyrlykt sørvest for lokaliteten. Anlegget vil ikkje ligge i konflikt med navigasjonssignal frå lykta.

Via AIS data (automatisk indikasjon av skip) har Kystverket god oversikt over skipstrafikk. I det aktuelle sjøområdet, Masfjorden, er det registrert forholdsvis lite nyttetrafikk. Trafikken her består i stor grad av fartøy, fôr- og brønnbåtar, som betenar oppdrettsanlegg i området. Avstanden frå lokalitet Ådnekvamme til det trafikkerte sjøområdet vest for lokaliteten er om lag 5-600 meter.

Vi kan derfor konkludera med at etablering av anlegg som omsøkt ikkje vil utgjere noko hinder for vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i området.

Vi har også vurdert tiltaket i forhold til naturmangfaldsloven. Vi har ingen merknader i så måte.

5 Vedtak

Med heimel i havne- og farvannsloven § 27 første ledd, jf. forskrift 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som krev tillating av Kystverket § 1 vert det gjeve løyve til utviding og justert plassering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune i samsvar med vedlagte stempla kart med teikning og posisjoner over anlegg og fortøyningar.

Vilkår

Med heimel i havne- og farvannsloven § 29 vert løyvet gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast som skildra i løyvet og vist i vedlagte teikning og kartutsnitt. Det må ikkje føretakast endringar utan at dette på førehand er godkjent av Kystverket.

Grunngjeving: Endringar kan medføre annan verknad i farvatnet enn det som er vurdert i samband med løyvet.
2. Eventuelt erstatningsansvar som følge av tiltaket kviler på tiltakshavaren.

Grunngjeving: Det er tiltakshavaren som får fordelen av løyvet. Skulle tiltaket føre til skade, er det naturleg at tiltakshavaren ber utgiftene.
3. Tiltakshavar skal sende inn melding vedlagt kart der tiltaket er nøyaktig innteikna med posisjonar oppgitt i WGS84/Euler 89 til Etterretninger til Sjøfarende (EFS)/Kartverket Sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 Stavanger, straks etter at tiltaket er ferdigstilt. Tiltaket kan ikkje takas i bruk før slik melding er sendt. Kopi av meldinga skal samstundes sendas Kystverket Vest

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn for de sjøfarande. For ajourhald og oppdatering av sjøkart og kunngjering i "Etterretninger for sjøfarende".
4. Anlegget må forankrast/fortøyast forsvarleg slik at det ikkje driv av og vert til fare for den alminnelege ferdsel. Eventuelle fortøyingsblåser/oppalarblåser skal plasserast innanfor anlegget sine ytterpunkt. Ankringstaua skal vere forsvarleg nedsenka. Til

fortøyninga utanfor anlegget sine ytterpunkt må det nyttast synketau. Alternativt kan det påmonterast lodd slik at tauverk ikkje under noko omstende flyt opp til overflata.

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn.

5. Merking av anlegget skal skje i samsvar med [forskrift 19. desember 2012 om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger](#). Vedlegg 2 til denne forskriftena om merking av akvakulturanlegg er vedlagt.
6. Tiltakshavar skal sørge for at alle element som losnar frå akvakulturanlegget, under dette ankringstau som flyt opp, omgåande vert festa forsvarleg på riktig plass eller fjerna. Dersom det ikkje let seg gjere å feste eller fjerne lause og/eller drivande element omgåande, skal tiltakshavar omgåande melde frå til NAVCO telefonvakt tlf: 22 42 23 31 (vakt heile døgnet).

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn.

7. Ved heilt eller delvis opphøyr av produksjonen skal tiltakshavar foreta opprydding av innretningar og utstyr på lokaliteten og tilstøytande sjøområde. Installasjonar kan berre oppbevarast på lokaliteten i den grad det skjer som ledd i drifta. Ved permanent opphøyr av drift på ein lokalitet skal det sørjast for fullstendig opprydding, under dette fjerning av installasjonar over og under vatn. Fullstendig opprydding skal vere fullført seinast innan 6 månadar etter opphøyr. Melding om dette skal sendast Kystverket Vest.

Grunngjeving: Ferdels- og tryggleiksmessige omsyn.

8. Ved utlegging av anker skal eksisterande installasjonar som til dømes kablar, rør eller leidningar sikrast, til dømes ved at dykkarar deltek ved utlegginga. Eigarar av aktuelle installasjonar skal ha moglegheit til å delta ved utlegging av anlegget.

Grunngjeving: Unngå skade på eksisterande installasjonar.

Vi viser i tillegg til havne- og farvannsloven § 26 som stiller nærmere krav til tiltaket som tiltakshavar sjølv har ansvar for å oppfylle.

I tråd med havne- og farvannsloven § 31 fell løyvet bort dersom arbeidet med tiltaket ikkje er sett i gong seinast tre år etter at løyvet vart gjeve. Det same gjeld dersom arbeidet med tiltaket vert innstilt i meir enn to år. Kystverket kan forlenge fristen éin gong med inntil tre år.

6 Klage mv.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast av søkjer og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 – tre - veker etter at samla vedtak frå Hordaland fylkeskommune er kome fram.

Søkjar eller andre med rettsleg klageinteresse står likevel fritt til å klage på Kystverket sitt vedtak før fylkeskommunen har sendt ut det samla vedtaket. Sjå vedlagte *Orientering om klagetilgong*.

Klagetilgongen må vere nytta før søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket vert reist, jf. forvaltningsloven § 27b. Søksmål kan likevel reisast når det er gått seks månadar frå klage første gong vart sett fram, og det ikkje skuldast forsøming frå klagaren si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg.

Det vert understreka at det ved avgjerda berre er teke omsyn til reglane i havne- og farvannsloven og ikkje anna lov- og regelverk. Til dømes kan tiltaket vere søknadspliktig etter plan- og bygningsloven, og dette må tiltakshavar sjølv avklare med kommunen. Vidare må forholdet til kulturminnelovgjevinga og forurensningsloven avklarast med vedkomande myndighet.

Havne- og farvannsloven regulerar ikkje nabo- eller eigedomsforhold, og dette vedtaket tek difor ikkje stilling til eller avgjer noko om slike forhold. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynt samtykke frå grunneigarar og andre rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å følgje opp dette. Privatrettslege tvistar mellom partane avgjerast anten gjennom avtale eller på andre måtar, til dømes av domstolane.

Med helsing

Knut Stenevik
sjefingeniør

Johan Sørensen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:			
Hordaland fylkeskommune	hfk@post.hfk.no	5020	BERGEN
Masfjorden kommune	post@masfjorden.kommune.no	5981	(ref 2016/1186) MASFJORDEN

Vedlegg:
 Orientering om klagetilgong
 Vedlegg 2 – Merking av akvakulturanlegg
 Kart med teikning og posisjonar over anlegget

ORIENTERING OM KLAGETILGONG

KLAGEORGAN

Enkeltvedtak fatta av Kystverket sine regionkontor kan pålagast til Kystverkets hovudkontor, jf. forvaltningsloven § 28.

Enkeltvedtak fatta av Kystverkets hovudkontor kan pålagast til Samferdselsdepartementet, jf. forvaltningsloven § 28.

Klagen skal i både tilfella sendast per e-post til post@kystverket.no eller per post til Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND.

KLAGEFRIST

Klagefristen er 3 veker fra den dag dette brevet kom fram, jf. forvaltningsloven § 29. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom klagen kjem for sein, kan Kystverket sjå bort frå klagen. Det kan søkjast om å få forlenga fristen, men då må ein opplyse om årsaka til dette, jf. forvaltningsloven §§ 29 og 31.

KLAGENS INNHOLD

Klagen må innehalde følgjande, jf. forvaltningsloven § 32:

- kva vedtak det vert klaga over
- den eller dei endringar som ønskjas
- eventuelle andre opplysningar som kan ha betyding for vurderinga av klagen

I tillegg bør ein nemne dei grunnar klaga støttar seg til. Klaga må underteiknast.

UTSETJING AV GJENNOMFØRING AV VEDTAKET

Sjølv om det er klagetilgong på eit vedtak, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks.

Fyrsteinstansen, klageinstansen eller anna overordna organ, kan avgjere at vedtak likevel ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. forvaltningsloven § 42. Ein kan søkje om å få utsett gjennomføringa av eit vedtak til klagefristen er ute til klagen er avgjort (søkje om oppsetjande verknad av klagen), jf. forvaltningsloven § 42. Grunngjeven søknad sendast til den etaten som er fyrsteinstans for vedtaket. Ei avgjerd om oppsetjande verknad kan ikkje pålagast.

RETT TIL Å SJÅ SAKSDOKUMENTA OG TIL Å KREVJE VEGLEIING

Med visse avgrensingar har ein part rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven §§ 18 og 19. Parten må i tilfelle ta kontakt med Kystverket. Ein vil då få nærmare vegleiing om tilgongen til å klage, om framgangsmåten og reglane om sakshandsaminga.

KOSTNADAR VED KLAGESAKEN

Ein part kan krevje dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka, jf. forvaltningsloven § 36. Føresetnaden er då vanlegvis at det organet som trefte det opphavlege vedtaket har gjort ein feil slik at vedtaket vert endra.

Det kan også søkjast om å få dekkja utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Vanlegvis gjeld visse inntekts- og formuesgrenser. Klageinstansen eller parten sin advokat kan gje nærmare opplysningar om dette.

KLAGE TIL SIVILOMBODSMANNEN

Dersom ein meiner å ha vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga si side, kan ein klage til Stortinget sin ombodsmann for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvalting har handsama saka, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømingar.

Vedlegg 2 - Merking av akvakulturanlegg

1 Innledning

For å ivareta hensynet til en sikker ferdsel til sjøs skal akvakulturanlegg merkes slik at de til enhver tid er godt synlige for sjøfarende.

Vedlegget beskriver hvordan merking av flytende akvakulturanlegg i sjø skal utføres.

Det påpekes at eieren eller den som er ansvarlig for anlegget har ansvaret for at et akvakulturanlegg til enhver tid er forskriftsmessig merket, og at merkingen ellers er i samsvar med eventuelle spesielle vilkår i den enkelte tillatelse til å drive akvakulturanlegg.

Merking av anlegg for havbeite, dvs. akvakultur av krepsdyr, bløtdyr og pigghuder i form av bunnkultur uten at akvakulturdylene blir holdt i fangenskap, omfattes ikke av vedlegget. Det vises til at fylkeskommunen kan pålegge og godkjenne merking av anlegg for havbeite, jf. forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd § 29.

2 Definisjoner

I dette vedlegget betyr:

- hoveddelen av et akvakulturanlegg* – den delen av anlegget hvor selve produksjonen av akvakulturdyr foregår.
- flåte og lekter* – enheter som utgjør del av et akvakulturanlegg og som kan utrustes med kontor, oppholdsrom, fôrlager eller for produksjon av elektrisk energi med videre.

3 Generelt

3.1 Søknad og tillatelse

Etablering av akvakulturanlegg krever alltid tillatelse fra Kystverket etter havne- og farvannsloven § 27. Når det gjelder merking av akvakulturanlegg i samsvar med forskriften § 8 jf. dette vedlegget kreves det ikke egen tillatelse for etablering av navigasjonsinnretninger (IALA spesialmerke) med unntak for radarsvarer (Racon) og AIS navigasjonsinnretning.

3.2 Forskrifter og standarder

Merking av flytende akvakulturanlegg i sjø etter forskriften her må sees i sammenheng med de til enhver tid gjeldende forskrifter og standarder på området.

Videre må merking av akvakulturanlegg etter forskriften sees i sammenheng IALAs anbefalinger og veilederinger.

Det er lagt vekt på at gult er en godt synlig farge.

3.3 Hinder for eller fare for sjøverts ferdsel

Et akvakulturanlegg skal ikke være til hinder for eller fare for sjøverts ferdsel.

3.4 Opphør av drift på lokalitet

Ved opphør av drift på lokalitet enten ved flytting, nedlegging eller på annen måte skal merkingen opprettholdes så lenge det ikke er ryddet fullstendig opp.

4 Merking

4.1 Merking av ytterpunkt

Ytterpunkt på et akvakulturanlegg skal merkes med IALA-spesialmerke med en utforming slik det går frem av pkt. 4.3 under.

Avstanden mellom ytterpunkt som er merket skal være 150 meter eller mindre.

4.2 Bøyer til forankring eller fortøyning

Bøyer til forankring eller fortøyning av et akvakulturanlegg skal ha gul farge som for et IALA-spesialmerke.

Bøyer til forankring eller fortøyning av et akvakulturanlegg kan også benyttes til samtidig å merke ytterpunkt på anlegget.

4.3 IALA-spesialmerke

For IALA-spesialmerker som anvendes til formål etter dette vedlegg til forskriften gjelder krav til utrustning som følger:

4.3.1 Overflatefarge

Gul overflatefarge skal være innenfor de verdier som er angitt med hjørnekoordinater i henhold til CIE (International Commission on Illumination) standard kromatiske diagram i tabellen under.

Tabell 9. Fargekoordinater i dagslys for vanlig overflatefarge

	1		2		3		4	
	x	Y	x	y	x	y	x	y
Gul	0,522	0,477	0,470	0,440	0,427	0,483	0,465	0,534

Standardfargene RAL 1023 TRAFIKKGUL og NCS S 1080-Y GUL møter kravet til gul overflatefarge.

4.3.2 Dagslysfluoriserende gul refleks

Spesialmerket skal ha panel med dagslysfluoriserende gul skiltfolie. Fargen på skiltfolien skal være innenfor de verdier som er angitt med hjørnekoordinater i henhold til CIE (International Commission on Illumination) standard kromatiske diagram i tabellen under.

Tabell 10. Fargekoordinater i dagslys for fluorescerende skiltfolie

	1		2		3		4	
	x	Y	x	y	x	y	x	y
Gul	0,494	0,505	0,470	0,480	0,513	0,437	0,545	0,454

Panelen skal i dagslys kunne observeres på en avstand av 2 nautiske mil.

4.3.3 Gult lyssignal

Spesialmerket skal gi et lyssignal med følgende egenskaper:

- Farge: Gul
- Karakter: (benevnelse): Oc Y 2s
- Periode: 2 sekunder med 1,25 sekund lys / 0,75 sekund mørke (arbeidssyklus 62,5 %)
- Lysvidde: 3 nautiske mil
- Tilgjengelighet: 99,8% beregnet over en kontinuerlig periode på 3 år.

Lyssignal skal være synkronisert

Lyssignal skal kunne dokumenteres i henhold til IALA anbefalinger og veiledninger.

Kystverket kan i særlige tilfeller gi unntak fra kravet om lysvidde og kravet om synkronisering. Dette forutsetter en nærmere vurdering med hensyn til sikkerhet og fremkommelighet for sjøfarende, og andre relevante forhold.

4.3.4 Radarreflektor

Spesialmerket skal ha en radarreflektor med et radartverrsnitt på minst $7,5\text{m}^2$ i X-båndet og $0,5\text{m}^2$ i S-båndet.

Radarreflektoren bør monteres så høyt som praktisk mulig på spesialmerket.

4.4 Annen merking

Dersom det er påkrevd kan Kystverket pålegge annen merking i tillegg til IALA spesialmerke.

4.4.1 Indirekte belysning (flomlys)

Et akvakulturanlegg kan bli indirekte belyst som arbeidsbelysning eller for å gi sjøfarende et sekundærlys fra dette.

Indirekte belysning bør gi et midlere luminansnivå på akvakulturanlegget på 2 cd/m^2 ved lyse omgivelser og 1 cd/m^2 ved mørke omgivelser.

Når et akvakulturanlegg er indirekte belyst bør dets lokalitetsnummer og navnet på den eller de som innehar tillatelse på lokaliteten blyses særskilt.

Indirekte belysning eller annet lys på et akvakulturanlegg skal ikke blende sjøfarende.

4.4.2 Radarsvarer (racon)

Et akvakulturanlegg kan bli merket ved hjelp av radarsvarer (racon).

Radarsvareren skal operere i frekvensbåndene 2 900–3 100 MHz og 9 300–9 500 MHz.¹

Radarsvarere skal sende signal som anvist av Kystverket.

Etablering av radarsvarer (racon) krever særskilt tillatelse fra Kystverket.

4.4.3 AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning

Et akvakulturanlegg kan bli merket ved hjelp av AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning.

AIS (Automatic Identification System) navigasjonsinnretning skal være satt opp med meldingstype og innhold for dette formål som anvist av Kystverket.²

Etablering av AIS navigasjonsinnretning krever særskilt tillatelse fra Kystverket. Det krever også radiolisens samt kallesignal/identitet utstedt av Telenor Maritim Radio.³

4.5 Anvisning til utførelse av IALA spesialmerke mv.

4.5.1 Montering av utstyr

Utstyret bør hvis mulig monteres på en 1,75–2 meter høy mast eller lignende.

Montasjen bør være i følgende rekkefølge ovenfra og ned:


1. lyssignal
2. radarreflektor
3. reflekspanel

4.5.2 Bære og støttekonstruksjoner


Bære- og støttekonstruksjon skal tilfredsstille krav til oppsettingsutstyr etter Håndbok 062 Trafikksikkerhetsutstyr Tekniske krav (Vegdirektoratet) / NS-EN 12899-1 Faste, vertikale trafikkskilt - Del 1: Faste skilt.

Eksempler på merking av akvakulturanlegg

Figur 10. Flytende akvakulturanlegg i sjø - oversikt



Figur 11. Flytende akvakulturanlegg i sjø - IALA spesialmerke



1. Jf. Recommendation ITU-R M.824-3 (International Telecommunication Union) as revised.
2. Jf. Recommendation ITU-R M.1371-4 (International Telecommunication Union) as revised.
3. Jf. Recommendation ITU-R M. 585-5 as revised og ITU Circular Letter CM/17.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K46	16/403

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2016	Teknisk utval	PS	10.05.2016

Hjortejaka 2016 - forslag til tildeling av løyver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Teknisk utval viser til saksutgreiinga til rådmannen, og godkjenner tildelinga av hjorteløyver slik det er vist i tabell 3 nedunder. Heimel for vedtaket er hjorteviltforskrifta sin § 18.

Hjortevaldet Fagerdal/Kringlebotn må handsamast særskilt når Fylkesmannen har handsama klagesaka som vart oversendt i 2015.

Saksopplysningar:

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

Saka handlar om tildeling av hjorteløyver i hjortevalda i Masfjorden kommune, og som ikkje er med i bestandsplanområde for Gulen og Masfjorden nordside.

Då det i bestandsplanområdet Gulen-nordsida er uendra tildeling vil me føreslå at resten av kommunen også får uendra tildeling. Årets vårteljing syner vidare at nedgangen som har vore i 3-4 år har nådd ein botn og det kan tyda på at den er litt på veg opp att. Forslaget til tildelingar kjem fram i tabell 3 under.

2. Fakta

Tabell 1 under syner statistikk over tildelte løyver og felte dyr spesifisert frå 2009 til 2015. Tabell 2 under syner grafisk utviklinga for same periode spesifisert på alle grupper dyr. Tabell 3 under har oversikt over jakta i alle valda for 2015.

Gjennomsnittleg fellingsprosent for same periode kjem også fram i tabellen.

Dette er eit godt grunnlag for å vurdera kva tildeling som er ynskjeleg. Vårteljing, sett hjort og opplysnings elles tyder på at hjortestammen har stabilisert seg og nedgangangen har stoppa. Difor fortset ein med same tildeling for å sjå utviklinga. Dei vald, som er redusert eller har fått auka tildeling fortset ein med. Klagesaka knytt til valdet i Kringlebotn/Fagerdal vart sendt over til Fylkesmannen i 2015, og denne saka er enno ikkje avgjort.

Tildeling av hjorteløyver skjer i medhald av hjorteviltforskrifta sin § 18, der det står følgjande:

§ 18. Fellingstillatelse for elg og hjort

Kommunen tildeler årlig fellingstillatelser for elg og hjort til godkjente vald med et tellende areal som minimum tilsvarer minstearealet. Fellingstillatelsen gjelder innenfor det godkjente valdet.

For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan skal fellingstillatelsene vise antall dyr uten spesifikasjon på alder og kjønn, og avskytingen skal utføres i samsvar med alder og kjønn i godkjent bestandsplan. For bestandsplanområder tildeles fellingstillatelsene hvert enkelt vald.

For vald uten godkjent bestandsplan beregnes antall fellingstillatelser ved å dividere valdets tellende areal med gjeldende minsteareal. Fellingstillatelse skal fordeles på følgende kategorier

a) elg: kalv (½ år), voksne hunndyr (1½ år og eldre), voksne hanndyr (1½ år og eldre),

b) hjort: kalv (½ år), voksne hunndyr (1½ år og eldre), spissbukk (bukk med ugreina gevir), og voksne hanndyr (1½ år og eldre).

For begge artene kan kalv felles i stedet for voksne dyr.

Kommunen skal sende fellingstillatelsen til valdansvarlig representant innen 15. juni.

3. Vurdering

Som det har kome fram tidlegare både i fagrådet, UVF og no TU skal kommunen sørge for at forvalting av hjorten vert gjort etter nasjonale rammer. Nemnde forslag bør nyttast i 2016 og ein føl bestandsplanen Gulen Masfjorden nord i tildelingar. Årets vårteljing syner oppgang i stammen i alle tre regionane i Masfjorden. Dette er berre eit hjelpemiddel men etter alle opplysningane finn ein ikkje grunn til justering opp eller ned i tildelingane før ein ser sikrare kva lei utviklinga går.

Kommunen ynskjer ei meir stammeretta og planbasert forvaltning. Fellingsprosenten er lav i kommunen trass i stadig aukande tildelingar. For mange småvald samt ein del vald med for lav fellingsprosent. Etter den nye hjorteviltforskrifta skal kommunen og ikkje minst grunneigarane vera viktige aktørar. Grunneigarane skal ta ein mykje sterkare del i den lokale forvaltninga. Lovverket skal nyttast meir aktivt, men det krev meir av grunneigarane. Dei har meir ansvar og handlingsrom. Det

Er pr dd 5 vald på nordsida som er med i bestandsplanområdet Gulen-Masfjorden og det er open for alle i området til å mælda seg inn i panperioden 2016-2018. Sørsida og indrefjorden arbeidat med bestandsplanområde mot Lindås, men her er ikkje avtalar på plass men ventetegn er dette på plass til 2017 sesongen. Ein vil ventetegn få ei betre valdorganisering med bestandsplanområde. Kommunen skal stimulera og legga til rette for jakttrettshavarane si bestandsplanlegging, men jakttrettshavarane/grunneigarane må ha sine eigne målsetjingar og tiltak. Dei skal ein fremja til interimstyret.

Der me ikkje har på plass ein bestandsplan eller forvaltningsplan vert det kommunen som tildeler målretta avskyting.


4. Konklusjon

Sjå vedtak.

Tab 1:

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tildelt totalt	521	557	535	580	580	558	558
Felt hannkalv	55	57	49	58	62	43	59
Felt hunnkalv	48	49	45	54	49	36	38
Felt hanndyr 1 ½ år	70	52	58	68	54	57	52
Felt hunndyr 1 ½ år	41	62	44	43	51	43	36
Felt hanndyr eldre	76	76	76	81	85	83	75
Felt hunndyr eldre	93	80	77	91	83	72	76
Felt totalt	383	376	349	395	384	334	336
Fellingsprosent	73,5	67,5	65,2	68,1	66,2	59,9	60,2

Tab 2:



Tab 3: (Framlegg til fellingsløyper for 2016 er vist nedunder)

År 2015	(Tildelt 2015) FORSLAG 2016	Felt hannekalv	Felt hunnkalv	Felt hann-dyr år	Felt hunn-dyr 1 ½ år	Felt hunn-dyr eldre	Felt hunn-dyr 1 ½ år	Felt hunn-dyr eldre	Felt totalt	Fellings- prosent
Einestrand	7	0	0	1	0	2	0	0	3	42,9
Sør Kvingo	14	0	1	0	0	2	2	2	5	35,7
Nord Kvingo	19	1	1	3	0	1	1	3	9	47,4
Kvingedal	12	1	0	2	0	1	1	2	6	50,0
Mjanger	18	1	1	1	3	2	1	1	9	50,0
Hope	36	4	3	4	5	7	4	27	75,0	

Andvik	16	2	1	2	1	1	3	10	62,5
Nordland/ Åsheim	11	0	1	2	3	3	0	9	81,8
Totland/ Totlandsdal	11	1	1	0	0	1	1	4	36,4
Ådnekvam	6	2	1	1	0	0	2	6	100,0
Skuggedal	7	0	1	1	0	2	1	5	71,4
Stegalvik	8	0	0	2	0	2	0	4	50,0
Haugsdal indre	15	0	2	0	0	3	2	7	46,7
Haukeland	15	1	1	1	1	1	1	6	40,0
Midtre Haugsdal	25	3	2	3	1	4	4	17	68,0
Matre Store	5	0	0	0	0	0	0	0	0,0
*Fagerdal / Kringlebotn (sjå tilråding)	6	0	1	1	0	0	1	3	50,0
Trodal	5	1	1	0	0	1	2	5	100,0
Haugsvær	19	1	1	2	1	1	3	9	47,4
Fossen	7	1	0	0	0	1	1	3	42,9
Solheim / Kalhovda	16	2	1	3	1	3	3	13	81,2
Furebotn	3	1	0	0	0	1	1	3	100,0
Fosseidal	4	1	0	1	0	1	1	4	100,0
Bergsvik	24	2	1	2	1	2	2	10	41,7
Reknes	2	1	0	0	0	0	1	2	100,0
Duesund	8	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Hosteland	16	0	0	0	0	2	0	2	12,5
Kvamsdal	9	1	0	1	0	0	0	2	22,2
Birkeland	19	3	4	1	4	4	0	16	84,2

Lauveide	6	1	0	1	2	0	0	4	66,7
Stor Sleire	20	1	2	1	1	3	6	14	70,0
SLeire Lille	14	1	1	1	0	1	3	7	50,0
Frøyset Tangedal	35	8	2	4	6	5	7	32	91,4
Bauge	7	2	0	0	2	1	0	5	71,4
Vågseth	2	1	0	0	0	0	1	2	100,0
Torsvik	7	0	0	1	0	2	2	5	71,4
Riisnes 1	8	2	0	1	2	1	0	6	75,0
Riisnes 2	8	1	0	2	0	2	1	6	75,0
Rambjørg	11	2	1	1	0	1	2	7	63,6
Haugsøyni	3	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Haugsdal Ytre	16	2	2	1	1	4	2	12	75,0
Halsøy/ Areklette	4	0	1	1	0	1	1	4	100,0
Eikebotn	2	1	0	0	0	0	0	1	50,0
Brekkena Lindebotn	2	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Kjekallen	2	0	1	0	0	0	1	2	100,0
Little Matre	12	2	1	0	0	1	3	7	58,3
Hope	6	0	0	0	0	1	1	2	33,3
Eikemo Stallane Solhaug	10	1	1	1	0	2	2	7	70,0
Sandnes Prestegards- skogen	20	4	1	3	1	2	3	14	70,0

*Vert handsama når saka er ferdig handsama hjå Fylkesmannen i Hordaland

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		16/406

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2016	Teknisk utval	PS	10.05.2016

Delegerete saker

32T

039/2016 Melding om delegert vedtak - igangsetjingsløyve - gbnr 52/52 og 58, Matre

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om

Igangsettjing av ventilasjonspåbygg, utvendig skjermvegg mot nabo og nytt ventilasjonsanlegg, på kontor og verkstad, gbnr 52/52,58 Matre.

Søknaden med vedlegg mottatt 02.02.2016 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltake kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med sak nr 026/2016

Heimel:

§ 20-1 plan – og bygningslova

Reguleringsplan Matre

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSMRÅDE
SØK	Wiberg AS	945966416	S	1	Søk
PRO	Wiberg AS	945966416	S	1	Arkitekturprosjektering
PRO	Cowi as	979364857	S	1	Konstruksjonsteknikk
PRO	Cowi as	979364857	S	1	VVS-teknikk
PRO	Cowi as	979364857	S	1	Brannkonsept
UTF	Bkk produksjon as	876944642		1	Oppføring av tilbygg
UTF	Ing. R Torgersen as	987396245		1	Ventilasjonsanlegg

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

027/2016 Melding om delegert vedtak - endring av gitt løyve - plassering - gbnr 50/85, Stordalen

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad om endring av plassering ved oppføring av hytte i regulert hyttefelt, gnr 50 bnr 85, Librotet , slik teikningane m/vedlegg mottatt 25.01.2016.

Grunngjeving: Søknaden er i trå med reguleringsplan Librotet og vedtak sak 048/2014

Heimel

Plan – og bygningslova

Reguleringsføresegner Librotet

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Sigvartsen DISIGN AS, 0953 Oslo, vert godkjend som ansvarleg SØK for tiltaket.

Sigvartsen DISIGN AS, 0953 Oslo, vert godkjend som ansvarleg PRO for arkitektur prosjektering og UTF for tømrar, våtrom og pipe.

Entreprenør Ansgar Birkeland, 5986 Hosteland, vert godkjend som ansvarleg PRO for uteareal og landskapsutforming, og UTF for plassering, grunn og stikkleidning for tiltaket.

Hafs Elektro & rør AS, 5961 Brekke, vert godkjent som ansvarleg PRO og UTF for Sanitæranlegg.

Anko AS, 5059 Bergen, vert godkjent som ansvarleg UTF for plassering og innmåling av tiltaket.

Kjetil Haugland, 5943 Austerheim, vert godkjent som personleg ansvarleg UTF for fundamentér ink radon.

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

023/2016 Melding om delegert vedtak - Endringsmelding Gnr.50 bnr 156 Stordalen

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova og godkjenner søknad

om endring av plassering ved oppføring av hytte i regulert hyttefelt, gnr 50 bnr 156, Librotet , slik teikningane m/vedlegg mottatt 25.02.2016.

Grunngjeving: Søknaden er i trå med reguleringsplan Librotet og vedtak sak 003/12

Heimel

Plan – og bygningslova

Reguleringsføresegner Librotet

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Byggmester Steinar Thunvold, 5136 Mjølkeråen vert godkjend som ansvarleg SØK for tiltaket.

betongarbeid.

Vest oppmåling, 5293 Lonevåg, vert godkjent som ansvarleg PRO og UTF for plassering og innmåling av tiltaket.

012/2016 Melding om delegert vedtak - løyve til bruk av snøscooter på Haugsværfjellet - reg nr VT6447

Masfjorden kommune gjev med heimel i § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, Arvid

Vågseth løyve til bruk av snøskuter i Haugsværfjella. Løyvet vert gjeve med slike vilkår:

- *Tidsrom: 01.01.2016 til 01.05.2018*
- *Gjeld transport av ved og naudsynt utstyr til vedlikehald og opphold på søkjær si hytte nokre få gonger i sesongen.*
- *Gjeld registreringsnummer VT 6647. Dersom andre køyrety vert nytta, skal Masfjorden kommune informerast*
- *Val av løypetrasè skal gjerast på ein måte som ikkje medfører skader på barmark.*
- *Ein enkel oversikt som syner når og kvifor transporten fann stad, skal følgje med ein eventuell ny søknad når treårsperioden er over.*
- *Dette løyvet skal vere med når transporten vert gjennomført*
- *Grunneigarar skal informerast om køyringa*

042/2016 Melding om delegert vedtak - løyve til landing med helikopter på Kalhovdasætra

